

Fra: Olav Sæbø[Olav.Saebo@helsedir.no]
Mottatt: 30.06.2026 10:31:08
Til: []
Kopi: Olav Sæbø[Olav.Saebo@helsedir.no];
Tittel: Videresend til eldrerådet: Informasjon om tilbod til eldreråda hausten 2026.

Denne e-posten sendes postmottak i kommunen, og til leiar i eldrerådet

Informasjon om tilbod til eldreråda hausten 2026.

25. august: Webinar om møteplassar

Webinar nr. 3 i rekka om Aldersvennlige og inkluderande møteplassar for eldre. Les meir om dette og meld deg på på nettsidene våre. Her kan du og sjå dei to første i opptak
[Aldersvennlige og inkluderende møteplasser for eldre \(3\) - Aldersvennlig](#)

28. september – 2. oktober: Eldreuka

Eldreuka. Denne uka arrangerer vi stort sett fire webinar kvar dag om aktuelle tema. Webinara blir 30 minutt lange. Høver godt som innslag på ei samling for seniorar, eller om du berre ønskjer å sjå på sjølv. Les meir om dette og meld deg på på : [Eldreuka 2026 - Aldersvennlig](#)

Teamssamling for eldreråd/eldrerådskaffe:

Vi heldt fram med teamssamling for eldreråd/eldrerådskaffe. Det blir som før ei samling per månad. Eit fagleg innlegg med tid til samtale og deling av gode erfaringar. Dag, dato og tema kjem i august. Kom gjerne med innspel til tema.

15.-16. oktober: Nasjonal konferanse for eldreråd på Gardermoen

Konferansen i fjor vart fullbooka veldig fort, med 150 deltakarar frå 100 ulike råd frå heile Noreg. Vi arrangerer ny konferanse i år. Som i fjor blir det frå lunsj til lunsj, og vi vil også i år prøve å få til å dekke flybillettar for dei som har lengst reiseveg.

Tema i år er aldersvennlig utvikling med vekt på bustad eine dagen, og utfordringar knytt til seniorressursen, seniorpolitikk og aldersbaserte stereotypiar den andre dagen. Programmet ser ut til å bli bra, og vi får mellom andre besøk av statsråd Vestre.

Endeleg program og påmelding blir sendt ut i august. I fjor var pågangen stor, og vi må derfor sette ei grense på to deltakarar per kommune. Det blir "først til mølla". Så det er lurt å merke seg datoen.

På nettsida vår [Aldersvennlig Norge](#) finn du mykje aktuelt stoff om aldersvennlig utvikling. Her finn du og ei eiga side for eldreråd, der vi har samla kurs, nyttig informasjon og inspirasjon du kan ha nytte av som representant for seniorbefolkninga i kommunen din.

Vi i Senteret for et aldersvennlig Norge vil takke alle for god innsats i eldrerådet dette halvåret, og ser fram til eit nytt aktivt halvår.

Med vennlig hilsen



Olav Sæbø

Rådgiver, Senteret for et aldersvennlig Norge

tlf. (+47) 99 60 66 24

www.aldersvennlig.no

Helsedirektoratet

Postadresse: Pb 220 Skøyen, 0213 Oslo

Besøksadresse: Ystenesgata 6B, 6003 Ålesund